

Årsmelding for Fedje sokn 2017

Sokneråd: Leiar: Jostein Husa

Ny leiar valt i november : Lars Svendsen

Nestleiar: Lars Svendsen.

Ny nestleiar frå november: Olav Husa

Faste medlemmar: Ragnhild Husa, Anders Bergsland, Erling Walderhaug, Olav Husa og Per Børge Hillestad.

Sekretær: Mia K. Etokebe

1.vara: Tone Sævi, 2.vara: Iris Waage, 3.vara: Anna Marit Stormark, 4.vara: Solrunn Gullaksen og 5.vara: Turid Moldøen

Fellesråd: Leiar: Jostein Husa/Lars Svendsen

Nestleiar: Lars Svendsen/Olav Husa

Faste medlemmer: Ragnhild Husa, Anders Bergsland, Erling Walderhaug, Olav Husa, Per Børge Hillestad og Kristin Handeland (kommunerepresentant)

Personlig vara for Kristin Handeland: Ottar Tangen

Daglig Leiar: Mia K. Etokebe

Fellesrådet handsamar saker av økonomisk karakter.

Hovudansvaret for Soknerådet står i §9 i Kyrkjelova.

Soknerådet har hatt 7 møter. 5 av desse har og vert Fellesrådsmøte. Vi har behandla 56 soknerådssaker og 18 fellesrådssaker.

Nokon sakar som har vert behandla i 2017:

- Budsjett
- Gjeverteneste / ekstraprest
- Tenesteytingsavtale -- (Arve over til kyrkja)
- Utleigereglement for utleige av kyrkja
- Nøkkelsystem
- Festeavgifter

- Trusopplæring
- Personalplan
- Diakoniplan

Aktiviteter soknerådet driv:

Gudstenester, Konfirmantarbeid, Ungdomsklubb, Ten Sing, Kvardag og helg, trusopplæringstiltak som tårnagentar og La det gro, andre faste tiltak, Ope kyrkje om sommaren, konsertar, samarbeid med Indremisjonen. Salmekveldar og bibelundervisning. Vi er oppdaterte på facebook under Fedjekyrkja og har eiga heimeside: www.kyrkja.no/fedje

Her vil de finne info om ting som skjer og alle innkallingar og referat vil bli lagt ut der.

Gudstenester:

År	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Gudstenester på søn- og helgedag	20	24	25	23	20	20
Dåp	9/4	7/4	4/3	5/4	2 (1)	0
Konfirmantar	6	11	4	13	4	8
Vigsle	2	2	2	2	1	2
Musikkandaktar/konsertar	1	10	5	2	3	4
Tal på deltakarar i gudstenestene	2681	2120	2014	2295	1576	1712

Gudstenester utanom Fedje kyrkje:

Vi held Utegudstenesta i Ove Villanger sitt Naust og hadde kyrkjekaffi ute imellom nausta til Ove Villanger og Edvard Koppen. Dette gjorde vi for andre gong. Feiekostane var med og det var ein fin oppleving. Samtalegudstenesta skjer i samarbeid med Austrheim og vert held i Austrheim kyrkje, den er likevel ein av våre gudstenester.

Gudstenester og andaktar på sjukeheimen:

Prest og kantor har vert på sjukeheimen og hatt 14 andaktar. 7. mai hadde vi gudsteneste på sjukeheimen.

Gudsteneste i samarbeid:

Samtalegudstenesta blei held i Austrheim kyrkje med Fedje og Austrheim konfirmantane i lag.

Kyrkjekaffi/kvelds:

I 2017 har vi hatt kyrkjekaffi på 5 av gudstenesta.

Økonomi.

Soknerådet fekk i 2017 sine økonomiske midlar frå kommunen (897.000,-) og gjevarteneste (Kvardag og Helg gåver og ofringar i kyrkja).

Offer

År	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Samla offer	74632	88257	131448	60309	54337	56795
Til eige arbeid	26375	21815	86694	7589	9667	11538
Gåver	37796	66264	21050	70 000	48429	39520
Fasteaksjonen	12990	16663	15893	18025	16884	13820

I posten gåver er basarinntekter, gåve Kvardag og Helg, gåve på bøssa i kyrkja, fast gjevartenesta og andre gåver folk har gitt til kyrkja

Nokon tal trekt ut av rekneskapet:

Lønn til tilsette og vikarar:	401.776,-
Godtgjersle soknerådet:	22.000,-
Sum utgifter:	1.066.054,-
Sum inntekter:	1.079.933,-
Overskot:	13.879,-

Konfirmantundervisninga 2016/2017:

Vi samarbeider godt med Austrheim. Deira kyrkjemusikar og kyrkjelydspedagog Jostein Hauge har hatt hovudansvaret for det administrative arbeidet. Mia Etokebe har det pedagogiske og praktiske ansvaret og har kontakta med konfirmantar, leiarar og foreldre. Per Børge Hillestad har også vert med i konfirmantarbeidet i 2017. Undervisningsopplegget er framleis Kristuskransen.

Konfirmantfesten var 23. mai på Bjellands kafé. Vi bruker dei lokale aktørane på øya og neste gong tak vi i bruk nokon andre. Det er viktig å støtte dei lokale bedriftene. Vi åt saman og etterpå gjekk konfirmantane opp i kyrkja og øvde til konfirmasjonen saman med Per Børge. Alle konfirmantane deltok med føresette. Konfirmasjonsdagen var laurdag 27. mai, første kull som konfirmerte seg på våren igjen i Fedje kyrkje. Per Børge Hillestad og Ivar Mæland leia konfirmasjonsgudstenesta. Hausten 2017 var det Mia Etokebe som har hatt konfirmasjonsundervisninga på Austrheim. Mia har no ein 45% stilling i Austrheim som kateket. Denne kateketstillinga omfattar og trusopplæringa på Fedje. Konfirmasjon 2018 er laurdag 26. mai.

Ungdomsklubben:

Vi hadde 19 klubbkveldar i 2017. Jostein Husa og Mia Etokebe har hatt hovudansvaret, men vi har og hatt med nokon foreldre og synast det er positivt. Ungdomane lagde båt til Small boat regattaen og deltok for Fedje kyrkje, dette var kjekt og vi vil nok vere med i 2018 og. Ungdomane arrangerer også sjølv å vere med på nattcup i Knarvik. Da leigar dei misjonshuset, så dei har ein base og er med på det som skjer i Nordhordlandshallen i løpet av kvelden og natta. Dette er arrangert av NLM og Fedje ungdomane har vert med i ein årrekkje.

Dramagruppa:

Per Børge Hillestad har leia ein gruppe på 6 ungdomar som har hatt samlingar kvar veke i kyrkja. Hovudsakleg på onsdagar. Her deler dei tru og liv og lagar drama saman.

IMPULS:

11 flott ungdomar og presten tok turen til Stavanger for å få med seg IMPULS siste helga i januar.

Impuls er en kristen ungdomsrøysle som eksisterer for å oppmuntre og utfordre unge menneskjer til å elske Jesus og vere kyrkja. Impuls er tilknytt Normisjon og står på ein evangelisk-luthersk truvedkjenning og har Guds Ord som utgangspunkt for liv og lære. Dei jobbar økumenisk og i nettverk og forstår seg sjølv som ein del av Guds store kyrkje.

Hovudaktivitetane i Impuls er vinterkonferansane på nyåret. I Stavanger arrangeras Impuls i IMI-kirken. Det var her det heile byrja.

Ten Sing

Ten Sing lever i beste velgåande med Monica Thomassen Waage og Elisabeth Tungland som musikalske leiarar. Det er 16 ungdomar med i koret. Dei er alle i alderen 13-17 år. Ten sing har eige ungdomsstyre. Det deltok på den årlege julekonserten og dei lagde ein kjemp flott julemusikal som var julegudstenesta vår. Dei øver til vanleg i kyrkja torsdagar frå 17-18.

Kvardag og Helg:

Kom ut 4 gonger i 2017. Påska, sommar, haust og jul. All skriving og distribusjon av bladet vert gjort på dugnad. Innsamling av stoff til Kvardag og Helg har Grete Herøy, Ingrid Nilsen, Ragnhild Husa og Per Børge Hillestad hatt ansvar for. Trykkeriet vi brukte heitar Netprint Bergen, men vi bytta til Grafisk husprintservice, grunna dei var mykje betre på pris. Redaksjonen jobbar godt samen under Grete si leiing. Soknerådet er med å få bladet ut til alle husstandar på Fedje. Dei resterande blade vert seld på landhandlaren.

Tårnagentar:

Vi hadde ikkje tårnagentar i 2017, grunna små kull arrangeres dette bare anna kvart år.



La det gro:

5. klasse fekk utdelt bibel i gudsteneste også i år, og vi arrangerte La det Gro i etterkant. Vi fortsetter å invitere til dette gode opplegget .

50 års konfirmantar:

Vi hadde ikkje 50 års konfirmantar i 2017, då dette arrangerast berre anna kvart år. 50 og 51 års konfirmantane er invitert til samling 26. august 2018.

Konsertar:

Med ein organist som Ivar Mæland er vi heldige og har fått fleire flotte orgelkonserter i løpet av året. Han deler av sin kunnskap og vi får glede av høgkulturelt orgelspel heilt gratis. I 2017 held han 2 konserter i juni over Bach.

Vi fekk igjen oppleve Lisbeth Stuberg og Anders Bergsland den 9. desember. Dette var 2. året dei har laga ein nydeleg julekonsert for oss.

Vår lokale julekonsert gjekk av stabelen 17. desember og den var sjølvsagt den beste nokon sinne. Mange aktørar bidrog til ein super kveld. Denne gongen med eige husband til og med. Dei kalla seg «Glitter og Stas». Organisten hadde hovudansvaret og sydde saman eit fint program med varierte artistar. Lokale blåsarar, barnekoret, Ten Sing, kulturskulen, musikkorpset, mannskoret, Koral, sopranen Eli-Johanne Rønnekleiv og Fedjekostane bidrog til ein fantastisk konsertoppleving.

Vi må og nemne sjømannskyrkjegudstenesta vår vi hadde i sommar i samanheng med fiskefestivalen. Kjell og Kristin Bergsvik var fantastiske på piano og saksofon.

Bibeltimar:

Per Børge Hillestad har hatt 6 bibeltimer om Johannes openberring fordelt på tre kveldar. Dette har vert eit samarbeid med bedehuset og dei har starta kveldane i Kyrkja og gått over i bedehuset forvafler og kaffi og 2. bibeltime. Dette opplegget har fungert godt. Det var eit normalt oppmøte på godt over 30 personer kvar gong.

Salmekveld:

Vi hadde ein fin salmekveld i september og ønskjer å forsette med å ha salmekveld ein gong i semesteret. Dette for å utvide vårt salmerekertoar og dele songglede.

Open Kyrkje:

Vi hadde ope kyrkje i sommarferien frå St. Hans til skulestart. Opning og lukking av kyrkja vart gjort på dugnad av soknerådet. Det var mange innom denne sommaren og mykje av grunnen var nok at vi hadde døra ope, så folk såg at ein kunne stikke innom kyrkja. Det er mange helsingar frå mange land og stader i gjesteboka.



Medarbeidarar:

Personalet i kyrkja er samansett av prest, kyrkjemusikkar, kyrkjetenar, kyrkjegardsarbeidarar, reinhaldar, kyrkjevevje, trusopplæringsmedarbeid og sjølvstøtt frivillige. Fedje sokneråd kjøpar tenestar frå Austrheim sokneråd i konfirmantarbeidet. Ein del av stillingane vert dekkja inn ved at Fedje sokneråd har ein tenesteaftale med Fedje kommune. Per Børge Hillestad er tilsett i Bjørgvin bispedøme og er 25% prest på Fedje. Mia Krüger Etokebe er tilsett i 25% sekretærstilling for soknerådet og 30% kyrkjevevje for Fedje kyrkjelege Fellesråd. Frå hausten 2017 har ho og våre kateket tilsett gjennom Austrheim kyrkjelege fellesråd, men og med tenestestad Fedje. Ivar Mæland var organisten vår i ein 25% stilling i 2017. Frå januar 2018 vert Arve Husa vår tilsett under fellesrådet i ein til saman 37% stilling som kyrkjetener og reinhaldar.

Inventar og utstyr:

Vi skifta låser på alle tre dørene i kyrkja i 2017, grunna nøklar på avvege og for få nøklar generelt. Teppe i kyrkja vart reinsa rett før 17. mai. Både midtgongen, i koret og på galleriet. Vi jobbar med å betre det elektriske anlegget, nokon av ledningane i kyrkja er sida 50-talet og er ikkje trygge. Nokon er allereie byta og meir må gjerast. Lysekronene står og for tur.

Pianoet vart stemt før jul.

Kyrkjeforeininga

Kyrkjeringen står på og held basar og seld lodd. Det er mykje arbeid i dette og no er det tilgangen til kyrkja som står for tur. Dei vil hjelpe til å samle inn midlar til eit universalt inngangsparti på kyrkja. Dette er eit stort prosjekt som vi håper kommunen vil prioritere i nær framtid.

Underskrift:

Leiar: Lars Svendsen

For Fedjekyrkja: Mia K. Etokebe